

Herleif og Torill Nesse Kvamme  
Litlevika 26  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
12 APR 2018	
Ark. nr. 18/308	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

12-April-2018

Isdalstø, 12.04.2018

LINDÅS KOMMUNE  
BYGGESAKS AVD  
5914 ISDALSTØ

SAK 18/308 - VEDR TILBYGG G.NR 185 B.NR 202

Viser til vårt brev av 20.01.18, dykkar brev av 26.03.2018 og tiltakshavers svar av 03.04.2018.

Vi opprettheldt vår klage, og har følgende kommentarer til tiltakshavers svar.

Tiltakshaver var klar over at han har bygde for nær nabogrense, det var han sjølv som sa frå om det.

Tilbygg ligg for nære nabogrensa vår og går i tillegg utover byggegrense mot friluftsområdet. Tilbygg er til stor sjenanse for oss, forstyrrer privatlivets fred. Med dei høge hekkane sine så er det tydleg at tiltakshaver også er opptatt av privatlivets fred når det gjeld seg sjølv.

Tilbygg er søknadspliktig og vi er imot.

Kartet som tiltakshavar har sendt inn er ikkje det riktige situasjonskartet med byggegrense som viser at huset allerede i dag er over byggegrensa.

Fasadeteikningar mot oss er ikkje sendt inn, vedlagt er eit bilde tatt i går.

Tilbygg har vore møblert med stoler og bord og nytta både tidleg og seint, og er nok tenkt som det sjølv om han skriv noko anna.

Tiltakshavar har i tillegg saga ned trer på vår eigedom for å nytta utsikta frå tilbygg. Trea blei saga ned etter at vi uttrykkelig hadde gitt beskjed at dei skulle stå som vern mot vind og vær.

Vi ønskjer at kommunen i tillegg presiserer at tiltakshaver må klippe ned hekken mot vegen i vår frisiktsone. Dette har vi bede han om tidlegare.

Med helsing

*Herleif og Torill Nesse Kvamme*  
Herleif K. og Torill Nesse Kvamme

Vedlagt foto som viser fasaden 185/202 mot oss og innsyn på vår altan 185/179

Vedlagt situasjonskart som viser 185/202 hus allerede over byggegrensa